

Bedehusa blir hovedtema i neste årbok

31.03.2011



Vonheim er vigsla som bedehus, men har fungert som eit vanleg forsamlingshus. Her er det fullsett under eitt kulturarrangement. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Bedehusa i Kvinnherad blir hovedtema i neste utgåve av Kvinnhersminne, som sogelaget gjev ut annakvart år. Det har vore tjue slike hus i drift rundt om i heile kommunen.



Bedehuset i Uskedalen

Kvinnherad sogelag gjev ut Kvinnhersminne annakvart år med ulike hovudemne. I 2009 var det ungdomshusa som fekk brei omtale, medan det i årbok nummer 15 til hausten altså blir skrive mest om bedehusa.

– Etter det vi kjenner til har det vore 20 bedehus i drift i Kvinnherad opp gjennom tidene, fortel skriftstyrar og leiar i sogelaget, Halvor Medhus. Alle dei 18 som er igjen skal omtala i neste årbok.

Det har vore bedehus i dei fleste bygdene i kommunen, men ikkje i Ølve, på Hatlestrand og Ænes. To av husa; Vonheim på Haugland i Uskedalen og bedehuset på Fatland (Halsnøy) er ikkje lenger i bruk som bedehus, men blir likevel omtala i årboka. Vonheim vart i utgangspunktet vigsla som bedehus men har hatt funksjon som vanleg forsamlingshus.

– Vi har fått tak i ein skribent for kvart hus, og planen er at dei skal vera ferdig med arbeidet sitt før sommaren, seier Medhus. Han reknar med at årboka, den 15. i rekka, vil koma ut i november, som vanleg er.

Om det blir plass, vil det òg koma litt anna stoff i boka. For to år sidan var årboka på 158 sider, medan opplaget var 800 eksemplar.

Av Kristian Hus
HusnesNett